



Arkivnr: 2014/23709-11

Saksbehandlar: Torill Klinker

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------|--------|------------|
| Samferdselsutvalet | | 19.08.2016 |
| Fylkesutvalet | | 27.08.2016 |

Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2016.

Samandrag

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har motteke brev frå Statens vegvesen Region vest datert 16.03.15 angående *Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner – invitasjon til å søke om midler for 2016*.

Hordaland fylkeskommune har utforma ein felles søknad saman med Bergen kommune. For Bergen er det samla søkt om 51,1 mill. kroner i tilskot fordelt på 5 ulike tiltak, med ein fylkeskommunal eigenandel på inntil 27,0 mill. kroner. Sykkelparken Stord har saman med Bømlo søkt om 6,32 mill. kroner i tilskot til tre ulike prosjekt, med ein fylkeskommunal eigenandel på inntil 5,75 mill.

Søknadsfristen er 01. august 2015. Gjennom dialog med Statens vegvesen er det opna for at Hordaland fylkeskommune kan ettersenda vedtak om forpliktingar i høve til eigenandelen i etterkant av fylkesutvalsmøtet den 27. august.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknader til sykkeltiltak i Bergen og Stord, innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigenandel (inntil 32,75 mill. kroner) i inneverande budsjett. Løyving av eigenandel til tiltak i Bergen vil bli innarbeidd innanfor rammene av Bergensprogrammet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: *Invitasjonsbrev frå Statens vegvesen Region vest datert 16.03.2015
Søknad og søknadsskjema frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune
Søknadsskjema frå Sykkelparken Stord*

Fylkesrådmannen, 22.07.2015

1. Bakgrunn

I samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett i 2014 vart det oppretta ei tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Samferdselsdepartementet har gjeve Statens vegvesen Region vest i oppdrag å administrera ordninga.

Invitasjonsbrevet gjer det klårt at kommunar og fylkeskommunar som har inngått ein forpliktande avtale om auka sykkelsatsing vil verta prioritert i høve til tildeling av midlar.

Bergen kommune / Sykkelbyen Bergen og Hordaland fylkeskommune har valt å utforma ein felles søknad, der Hordaland fylkeskommune har koordineringsansvaret. Sykkelbyen Stord utformar sin eigen søknad.

2. Prosjekta det vert søkt om

Det er knytt ulike vilkår til søknadsprosessen, mellom anna skal prosjekt det vert søkt om tilskot til ha vedteke reguleringsplan på søknadstidspunktet og kunna ferdigstillast i løpet av 2016. Dette har avgrensa moglegheitene i høve til dei største strekningsvise sykkeltiltaka.

I samråd med Bergen kommune har Hordaland fylkeskommune søkt om tilskot til fylgjande tiltak: (Søknadsbeløp i parentes.)

- Etablering av sykkelveg m fortau i Møllendalsveien del II (3,75 mill.)
- Etablering av veglys langs GS-rute Kvamsvegen (0,35 mill.)
- Etablering av Småpudden gang- og sykkelbru (20 mill.)
- Gjennomføring av skilting og oppmerking langs hovudsykkelruter på fylkesveg (3,5 mill.)
- Gjennomføring av ulike GS-tiltak i samband med utbygging av Bybanen byggetrinn III (23,5 mill.)

I tillegg søker Sykkelbyen Stord, saman med Bømlo kommune, om tilskot til fylgjande prosjekt: (Søknadsbeløp i parentes.)

- Ferdigstille GS-tiltak i Skrivarvegen del II, langs fylkesveg 61 (2,75 mill.)
- Etablering av GS-tiltak langs Kårevikvegen, kommunal veg (0,57 mill.)
- Vidareføring av 450 m GS-veg mot Svortland sentrum, langs fylkesveg 23 (3 mill.)

3. Finansiering

Invitasjonsbrevet set krav om 50% eigenandel for alle tiltaka det vert søkt om. For dei ulike prosjekta i Bergen er det skissert samla kostnader på 182,2 mill. kroner, og det er samla søkt om 51,1 mill. kroner i tilskot. Etersom tiltaka knytt til *sykkelveg m fortau i Møllendalsveien (del II)*, *veglys langs GS-rute Kvamsvegen* og *Småpudden gang- og sykkelbru* er reine kommunale prosjekt, vert eigenandelen for desse prosjekta dekkja av Bergen kommune. Fylkeskommunal eigenandel for sykkelbyen Bergen er difor avgrensa til inntil 27 mill. kroner.

For dei tre prosjekta knytt til Sykkelbyen Stord er det samla søkt om 6,32 mill. kroner. Tiltaket i Kårevikvegen er eit kommunalt prosjekt, fylkeskommunal eigenandel er difor avgrensa til 5,75 mill. kroner.

For Hordaland fylkeskommune vil samla eigenandel for alle dei åtte prosjekta vera på inntil 32,75 mill. kroner, (27 mill. + 5,75 mill.) avhengig av kva tildelingar me får frå Region vest.

Det vert lagt opp til at fylkesutvalet vil innarbeida naudsynt eigenandel i inneverande budsjett – etter at tildeling av midlar er avgjort av Region vest. Fylkesrådmannen legg til grunn at eigenandelen i høve til tiltaka i Bergen vil bli innarbeidd innanfor rammene av Bergensprogrammet.

4. Rådmannen si tilråding

I invitasjonsbrevet heiter det at føremålet med tilskotsordninga er å *bidra til raskare gjennomføring av tiltak..... gjennom å stimulera kommunar og fylkeskommunar til å prioritere tiltak for auka sykkelbruk*. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil dei åtte prosjekta det er søkt om midlar til vera eit viktig bidrag til å oppnå auka sykkelbruk. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner søknaden.